

Årsmelding for Alversund skulemusikkorps 2013

Styret i 2013:

Gro Sundal : leiar

Anne-Marit Valdersnes : 1. varamedlem

Kenneth Halvorsen : nestleiar

Anna Kirkeluten : styremedlem

Tonje Gamst Færøy : skrivar

Ida-Kristin Dale : hovudtillitsvald korpset

Geir Hopland : kasserar

Inger-Lill Torpe : 2. varamedlem

Bjørg Straume : styremedlem

Styremøter :

- Det er halde 6 vanlege styremøter i løpet av året (8/1, 19/3, 14/5, 26/6, 12/11 og 10/12), budsjettmøte 03.02., konstituering av nytt styre 03.03., 1 planl.- og styremøte 13/8-12 og møte med dirigent 12.09.

Medlemer pr. 31.12.13:

- Ved utgangen av året var det 29 musikantar i hovudkorpset, 10 juniorar og 10 aspirantar.

Dirigent- og instruktørsituasjonen :

Cecilia Lind var dirigent for hovudkorpset gjennom heile året i tillegg til å ha einetimar med musikantar på vårparten og gruppetimar om hausten. Ho har også hatt 1 aspirantgruppe og nokre enkeltaspirantar. I slutten av oktober fekk vi beskjed frå kulturskulen om at ho hadde sagt opp stillinga si i Lindås kulturskule frå nyttår. Stillinga vart lyst ut den 22.11. Ny dirigent vart tilsett 18.12.

- Kim Bjørnerud har hatt instruksjon på klarinett og saxofon i HK, einetimar våren 2013, og gruppeøving sept – nov. i haust, 2 timar veke.
- Brynjar Mjanger Eide har hatt slagverksinstruksjon på 4 juniorar frå nyttår og til påske.
- Arne Alver har hatt kornettane i hovudkorpset i tillegg til ei aspirantgruppe, 2 timar veke, frå nyttår og til jul.
- Arne Henning Markhus har hatt 2 trombonejuniorar + 1 kornett i HK i vår, 1 t/veke, og trombonane frå midten av oktober og ut desember.
- Monica Eisdheim har hatt 2 fløytejuniorar i vår og 1 fløytejunior + asp i haust, 1 t/veke.
- Ida-Kristin Dale har hatt aspirantanr på saxofon hausten 2013, 1 t/veke.
- Gro Sundal har hatt 3 juniorgrupper på dagtid både i vår- og haustsesongen og juniorkorpset på ettermiddag, 3 t/veke. Ho dirigerte korpset julafta og siste øvinga før.

Instrumentkjøp :

- 2 Yamahakornettar.

Økonomi :

- Dei største inntektene var kontingent 45.000,-, basar 51.200,-, loppemarknad 18.500,-, mva kompensasjon 28.000,- (for 2 år) og kulturmidlar 53.000,-. I tillegg

kom 15.000,- frå Sparebanken. Grasrotandelen gav oss over 13.000,-, ungdomsmidlar 12.500,-, Knarvikmila og speleoppdrag med h.h.v. 12.000,- frå kvar og Frifond/VO-midlar på ca. 19.000,- til saman.

- Alverflaten Jazzband feira 25-års jubileum med bl anna ein kyrkjekonsert i Alversund tidleg på våren og inngangspengane frå denne ville dei donera til eit lag el enkeltperson i bygda som hadde med musikk el song for born å gjere. Gledeleg var difor at vi var dei heldige og mottok 3.000,- i gåve. Takkemelding vart sendt frå oss og tusen takk til dei for gåva.
- Vi sendte også ein søknad til Alversund korpsfond før jul 2012, der vi søkte om støtte til instruksjon. I sept. 2013 fekk vi innvilga 7.000,- frå dei. Tusen takk.
- Av utgifter kan nemnast kontingent og forsikring til NMF, ca. 20.000,-, dirigent- og instruktørar på nærmare 130.000,-, instrumentkjøp, sommarkurs og ungdomskonferanse 24.000,- som dei største postane. Deltaking i konkurransar kosta oss ca. 22.000,-. Rekvisita og reparasjonar av instrument 23.500,-.
- Vi har klart å snu trenden med underskot fleire år på rad, og i 2013 gjekk korpset med driftsoverskot på nærmare 48.000,- mot ca 43.000,- i driftsunderskot i 2012. Vi kan likevel ikkje kvila på lauvbæra. Mva-kompensasjonen var ekstra stor i år, då både 2012 og 2013 kom inn same år. Det er ikkje kjøpt noko særleg med instrument og ingen uniformar

Dugnader og speleoppdrag :

- KnarvikMila, 17. mai og Frank Mohn juletefest. Dopapirsal gav oss lite inntekt i år. Dugnaden skal administrerast og hendig mottaksplass må vere på plass når varene kjem. Dette er ei utfordring å få til.

Arrangement :

- Ei gruppe spelte også i år på Frank Mohn sin juletefest i Meland aktiv 11.01.13
- Ungdomskonferansen i Trondheim 19. – 20. januar, 7 ungdommar deltok.
- Gro deltok på dirigentsymposiet på Hell 18. – 20. januar
- Øvingshelg på Alversund skule helga 16-17. februar. Utflukt til Vannkanten. Ca. 50 stk. var med.
- Basar søndag 10. mars. Aspirantkorpset og storkorpset, dvs. juniorar og hovudkorps + nokre vaksne, spelte, veldig mykje folk i gymsalen.
- Hordablæsten laurdag 6. og søndag 7. april. Vi deltok med solistar, ensemble, hovudkorps og juniorkorps. Hovudkorpset deltok i 3. div. janitsjar og fekk 7 pl. av 13 korps med 84 poeng. Cecilia var dirigent. Junior blandakorpset fekk 5. plass av 9 korps og 89 poeng. Gro var dirigent.
- Fredag 12. april var det korpsskveld i Knarvik for alle skulekorpsa i kommunen. Rytmeklinikk med Hogne Holmås, taco på menyen og sosialt samvær. Eige foreldrekorps med 35 forventningsfulle foreldre deltok. Gro dirigerte.
- Tradisjonell speling 17. mai. Morgonprosesjon frå parkeringsplassen ved NHKG og hovudprosesjon rundt Tveiten. Cecilia var med oss.
- Alversunddagar søndag 2. juni. Skulekorpset og musikklaget deltok, også fellesnr.
- Sommaravslutning 10. juni i gymsalen på skulen. Anders fekk smykke for lang og tru teneste.
- Korpstur til Hardangertun i Kinsarvik 7.–9. juni saman med Sagstad skulekorps. 45 musikantar, juniorar, aspirantar og leiarar reiste på turen frå oss. Nesten 30 stk frå Sagstad var med. Vi hadde 2 fellesøvingar med dei i forkant og spelte konsert i lag på turen.
- 1 aspirant deltok på ferienespelet til EBML i Knarvik, Ariana Jørgenvik, og 2 juniorar + HK, Aline og Astrid Rønhovde.
- 4 musikantar deltok på sommarkurs på Manger, Sabina, Vilde, Nina-Sofie og Camilla. Korpset dekkja halve avgifta.

- Amalie deltok på fløytesymposiet på Toneheim Folkehøgskule helga 20-22 juni. Korpset dekkja halve avgifta.
- KnarvikMila. Suppekoking laurdag 24. og 31. aug. I tillegg wraps-laging tirsdag 27. aug. Speling i løypene under NM i halvmaraton laurdag 31. aug. saman med dei andre skulekorpsa i kommunen.
- Øvingshelg til Årås skule i Austrheim 14. – 15. sept. Innleigde instruktørar. Flott helg.
- 28. sept. deltok 12 musikantar på EB-mellom, 5-7 kl, i Knarvik og 1 musikanter på EB-junior 28-29 sept, frå 8 kl og oppover. Gro var med mellomste gruppa og spelte.
- Loppemarknad søndag 29. sept. Første gong vi arrangerer. Arbeidssamt, men kjekt.
- Sotrafestivalen laurdag 16. nov. Hovudkorpset deltok i 3. div. janitsjar og tok ein flott 3. pl. med 95 poeng (88+7). Amalie, 2 pl. og Nina-Sofie 3 pl. deltok i solistklassane og Janne og Sabina i ensemble, 2 pl. Junior blandakorpset deltok med 38 musikantar. Ein flott 3 pl. av 4 korps med 91 poeng (85+6). Super innsats frå alle.
- Etter-Sotra-kos og førjulsavslutning i tårnrommet måndag 18. november for heile korpset. Vi bestilte pizza av pantepengar, julebrus, pepperkaker og nissesjokolade.
- Julekonserten i Alversund kyrkje søndag 15. desember. Cecilia dirigerte hovudkorpset + aspirantar og Gro juniorkorpset.
- Julafta spelte korpset med gjestemusikantar på første gudsteneste. Gro dirigerte.

Generelt :

- Korpset har halde bra aktivitet i året som er gått. Hovudkorpset mista berre ein musikanter til sommarferien + eit par asp/juniorar. Ein stor takk til alle dei flotte musikantane våre som står på kvar einaste veke.
- Det ser ut til at det har vore ein fin balansegang m.h.t. arr. utan at det vert for mykje, men det er likevel viktig å følgje med på dette heile tida. Mange er opptekne på fleire felt, både ungar og foreldre, og det må ein ha med seg i planlegginga av aktivitetsnivå. Det er ikkje til å leggje skjul på at utfordringa har vore kva for ein retning korpset skal gå og kor mykje innsats og ressursar ein vil legge ned både i øving og pengebruk. 2013 vart difor til tider eit krevjande år.
- Til sommaren fekk 1 musikanter tildelt 7-års medalje, 1 fekk for 5 år og 12 fekk 3-års medalje. Anders gjekk av for alder og fekk smykke med tuba i sølv.
- Korpsturen til sommaren gjorde stor lykke. Det var veldig kjekt å reise saman med Sagstad og alle fann fort tonen i lag. Dette var «tidenes korpstur» var det nokon som sa.
- Cecilia fekk blome frå korpset som takk for innsatsen på siste korpsøvinga ho hadde den 9. des. og musikantane hadde laga flott kort til henne.
- Styret vil takka alle for ein kjempeinnsats og ei positiv haldning for at vi skal kunna ha eit oppegåande og aktivt skulekorps til glede for oss sjølve og veldig mange i bygda vår. Det er heilt avgjerande for aktiviteten vår, som i alt anna vi driv med. Spesielt må eg få takka styret og rekneskapsførar for den ekstra innsatsen dei gjer gjennom heile året for å halda drifta i gang.

Alvermarka 16.02.2014

Gro Sundal